

# FITJAR KYRKJEBLAD

Nr 5  
OKTOBER 2016  
ÅRGANG 39





DEN NORSKE KYRKJA  
FITJAR

**Kyrkjekontoret:**

Postboks 10, 5418 Fitjar  
Telefon: 53 45 85 00  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Kontortider:**

tyrsdag - torsdag - fredag: kl.10:00 - 14:00  
onsdag kl.12:00 - 15:00

**Kyrkjeverje:**

Rydland, Harald 913 47 802  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Sokneprest:**

Oma, Olav J. 906 38 825  
[olom@fitjar.kommune.no](mailto:olom@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjelydsprest:**

Lydersen, Fríðleif 471 76 743  
[frly@fitjar.kommune.no](mailto:frly@fitjar.kommune.no)

**Kantor:**

Overweg, Jan 901 97 069  
[jaov@fitjar.kommune.no](mailto:jaov@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjelydspedagog:**

Fyllingen, Silje 456 11 480  
[sfyl@fitjar.kommune.no](mailto:sfyl@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:**

Skumsnes, Kristian 992 23 972  
Brenne, Birgitte 971 29 569  
[bibr@fitjar.kommune.no](mailto:bibr@fitjar.kommune.no)

**Fellesrådsleiar:**

Fitjar, Rasmus 918 24 158

**Soknerådsleiar:**

Aadland, Helga Olsen 976 72 489

**Bakken barnehage:**

kontor 53 22 26 00  
[bakken.barnehage@haugnett.no](mailto:bakken.barnehage@haugnett.no)

**Gåver til nytt orgel**

kontonr. 3520.64.83812

**Gåver til kyrkjelydsprest og kyrkjelydsarbeidet  
(Skriv om du vil øyremerke gåva)**

kontonr. 3546.29.05805

Redaksjonelt



## Frykt - redsel eller kjærleik?

Dei fleste av oss forbinder frykt med noko negativt eller skremmende. Guds frykt kva er det? Eg tenkjer at det finst minst tre typar Guds frykt. En sunn type og to usunne typar. Den sunne er eit kristent menneske sin kjærleik til Gud. Den fyrste av dei to usunne er eit kristent menneske sin redsel for Gud. Den andre usunne er slik eg ser det, frykta for at Gud skal vere synleg i det offentlege rom.



Fríðleif Lydersen

*Dei som fryktar Herren, tala då saman, og Herren lydde etter og hørde kva dei sa. Hos han vart det skrive ei minnebok om dei som fryktar Herren og ærar hans namn.* Mal. 3,16

Profeten Malaki snakkar om den sunne typen Guds frykt. «Dei som fryktar Herren» er dei som elsker og ærar Gud. Vi skal frykte Gud av kjærleik til han og ikkje av redsel for ham. Gud er ein kjærlig og rettvis far for sine born. Vi som trur på han har ikkje noko vondt å frykta frå han. Gud har kalla oss til tro, tilbeding og handling.

Gud ønskjer ikkje berre å vere ein parentes i våre liv. Han ønskjer å vere sjølv livet for oss. Gud ønskjer å vere det viktigaste av alt i liva våre. Vi skal ikkje berre søkje Gud når vi møter motgang, men minst like mykje når vi møter medgang. I motgang, når alt ser ut til å gå dårleg for oss er det lettare å huske Gud, enn i medgang når alt ser ut til å gå så bra for oss.


Apostelen Paulus skriv:

*Ja, å frykta Gud og vera fornøgd med det ein har, er ei stor vinning.* 1. Tim. 6,6

Paulus er ikkje i tvil slik eg ser det om kva som er det viktigaste for eit kristent menneske. Det er å elska og æra Gud med heile seg og vere takksam for det han har gjeve deg og meg.

Å frykta Gud er å setja sin lit til Guds frelses plan for deg og meg, som skal føra deg og meg heim til Gud når tida er inne.

Sunn Guds frykt er berre positiv.





Karvel Strømme

«Det er nett det eg reknar meg for å vera», seier min gode nabo Askel Ytrenes, der me sit ved kjøkenbordet, medan regnveret ute prøver å setja enno ein nedbørsrekord. «Eg reknar meg ikkje for å vera ein ivrig kyrkjegjengar, og det gjorde vel heller ikkje mor mi, men ho var eit godt menneske, og levde etter ordet «Gjer mot andre det du vil at andre skal gjera mot deg», og dette har eg etter beste evne prøvd å ta

med meg gjennom livet. Difor set eg pris på denne salmen av Matias Orheim. Svigersonen hans, Sverre Myklebust, var forresten prest i Skånevik, der eg vaks opp, og han konfirmerte meg. Han var ein snill mann, og han ville læra oss flest mogleg av salmane til svigerfar sin.»

Ved slutten av samtalen var me samde om at det det er godt å ha ein slik salme, med eit slikt innhald, som grunnlag for kvardagslivet vårt.



**Kvardagskristen vil eg vera** - Matias Orheim (1884- 1958)

*Kvardagskristen vil eg vera,  
syn for segn det krev Guds ord.  
Samklang mellom liv og læra,  
det er himmelsang på jord.  
Som den djupe fjord kan greia  
spegla himlen høg og blå,  
skal ein kvardagskristen spreia  
festglans kring det kvardagsgrå*

*Kvardagskristen, døypt til yrke,  
fødd til kjærleik, skapt av Gud.  
Vigslar heim og hall til kyrkje,  
kjøkenkrå og handelsbu.  
Mynt og vara for Guds stempel,  
fall og fusk på døri må,  
altarjoset i Guds tempel  
festglans gjev det kvardagsgrå.*

*Sjå, der kjem ein sjuk og fattig,  
der kjem ein som spør om råd.  
Der ein sviken, der ein hatig,  
her er nok for offerdåd.  
Lokka smila gjennom tåra,  
så me himmelsk glans får sjå !  
Trenghla kring oss får forklåra  
festglans i det kvardagsgrå.*

*Kvardagskristen vil eg vera,  
syn for segn det krev Guds ord.  
Samklang mellom liv og læra,  
det er himmelsong på jord.  
Og når så min kvardagsbunad  
skal for himlen skiftast om,  
strålar bjart kring livsens krunga,  
festglans i Guds herlegdom.*

**“Fitjar Kyrkjeblad”**

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

**Adresse:**

Kyrjekontoret / rådhuset  
Postboks 10, 5418 Fitjar

**Redaksjon:**

Olav J. Oma (red.)  
Friðleif Lydersen  
Karvel Strømme  
Anne Hardeland  
Rolf-Atle Rolfsnes  
Torbjørn Hovland



Foto: Anne Hardeland

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 9. desember til [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)**

Neste blad kjem etter planen 21. desember. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

**Grafikk:** Henta frå freepik.com - **Trykk:** Nils Sund Boktrykkeri AS

Ein drøy månad har gått sidan arbeidet med å klar-  
gjere til nytt orgel i Fitjar kyrkje starta. No kan du  
lese litt om kva som skjer, kor langt me er komen,  
og du kan sjå nokre bilete av prosessen så langt.

Birgitte Brenne

Arbeidet starta med å ta ned orgelet. Det var ein  
jobb for kontor, Jan, og hans medsvorne arbeidarar  
og orgelentusiastar. Det vart tomt i kyrkja utan orgel,  
det fekk ordførar, Wenche erfare då ho fekk med seg  
orgelpipa si heim.

Men verre skulle det bli. For ikkje berre skulle orgelet  
bort, men heile galleriet og. Dette for at det skal vere  
nok plass til det nye orgelet, når det kjem. Mange  
dugnadstimar seinare med fjerning av laust og fast  
inventar, bering, inspisering, rydding, sikring og til-  
dekking, såg det slik ut i kyrkja...

Når alt dette var gjort, var det berre å setje igong.  
Utan orgel og galleri, var det greit å komme til i  
alle kringar og krokas av kyrkja med fugemasse og  
malarkost. Dette var derimot ikkje gjort utan kunnig  
hjelp og friviljuge kyrkjelydsmedlemmar, og mange  
fleire enn dei som er avbilda her. Me er takksame for  
alle som har vore med til no, og me er glad dei ikkje  
har høgdeskrekke...

Det er viktig at kyrkja både ser bra ut før det nye  
orgelet og galleriet kjem på plass, og at kyrkja er så  
god som mogeleg med tanke på akustikk. For dei som  
ønskjer å vete meir om dette, er kontor, Jan, meir  
enn glad for å fortelje.

Dette er altså ståa per i dag. Me ventar spent på  
fortsetjinga.

Til no har meir enn 60 menneske vore med og ar-  
beidd dugnad. Eit kjempearbeid er gjort og eit stort  
arbeid skal gjerast.

### **Om dugnaden:**

Det trengs dugnadshjelp heile tida. Om du kan vera  
med, så ta kontakt med kyrkjeverje Harald Rydland  
eller fellesrådsleiar Rasmus Fitjar.





## TRÆR

Herre. Det er veldig mange rare ord.  
Ikke minst i Bibelen.  
De står der som store trær.  
Selvsagte, men likevel på en måte  
ubegripelige.

Rettferdighet det er en stor furu.  
Jeg kan støtte meg mot den  
og se rett opp i Himmelen

Nåde det er et bøketre.  
Veldig og bredt.  
Jeg kan stå under det,  
i sol og vind og regn.  
Håp det er en asp.  
Den står skjelvende og skimrer hvit  
i en stille glede.

Kjærlighet trodde jeg først var  
en eksotisk plante,  
en palme, et fikentre eller  
noe veldig sjeldent noe.  
Men så er det jo en gran.  
Og jeg vet det finnes enorme  
skoger av gran.

Herre, takk for at vi  
skal få leve i skogene av dine ord.

(Oskar Stein Bjørlykke)



Foto: Anne Hardeland

# Kyrkjevandring

## Silje Fyllingen

Laurdag 3.sept var det igjen klart for kyrkjevandring for 4-åringane. Vi var 16 born og like mange vaksne som såg oss om i kyrkja og kosa oss med bollar og saft.

Mi kyrkjebok vart utdelt den 25. sept på bedehuset. Dette var ei veldig kjekk gudstjeneste der vi delte ut bøker til 19 stolte 4-åringar.



# Den gode hyrdingen

## Silje Fyllingen

Laurdag 27.sept samla vi, for første gong, 13 5-åringar til «Den gode Hyrdingen», på bedehuset. Vi hørde frå bibelen, song, laga sauar og åt ilag.



## «Loved» Spontansamling

### Silje Fyllingen

Torsdag 6. okt. var denne kjekke gjengen med 10. klassingar samla til pizza, prat og lek på bedehuset. Vi sende ut invitasjon på sms eit par dagar før, og er veldig glad for at denne flotte gjengen ville komme. Skal ikkje sjå vekk frå at vi finn på å invitere til fleire spontane samlingar!



## MiniSang

### Silje Fyllingen

I haust har vi starta opp MiniSang i kyrkja vår, for dei mellom 1 og 3 år.

Vi syng, leikar, bles såpebobler, ler, et og kosar oss. Vi har hatt tre samlingar til no. Neste samling vert 2. nov kl. 17-18. Har du barn eller barnebarn i denne aldersgruppa, så ta dei med og kom! Her er ingen påmelding. Vi et kveldsmat saman til slutt. Her tek de med eigen mat og så ordnar vi med drikke.

PS! I haust er vi på bedehuset grunna arbeid i kyrkja.



# «Det er godt å vera stille»



## Torbjørn Hovland

Slik var tittelen for temakvelden i bedehuset onsdag 12.oktober.

Og det var vårt eige kyrkjekor som stod for heile programmet, iblanda allsong og instrumentalinnslag.

Spennvidda var stor; frå Åge Samuelsen og Erik Bye, til Elias Blix og songar frå den nye salmeboka. Musikalsk bidrog Per Egil Larssen på gitar og Jan Overweg på orgel og piano.

Sokneprest Olav Oma leia kvelden, og batt innslaga saman.

Under kyndig veiledning av kantor og dirigent Jan Overweg har koret sidan oppstarten utvikla seg og modnast, og framstår no med god presisjon, klar diksjon og eit fyldig klangbilete.

Korleiar Olaug Gloppen har klart å få eit mannskap som utfyller kvarandre godt, og det ser ut som om dei trivest i lag.


Det er all grunn til å glede seg til neste salmekveld.

Då koret på tampen song "I den stille klare morgen" og Olav Oma las velsigninga, hadde me verkeleg oppfylt temaet for kvelden; Det var velsigna godt å vera stille.

## Temakvelder i Fitjar kyrkje hausten 2016



arr.:  
temakveldgruppa/ soknerådet



**01. desember 19.30**

Julekonsert med  
Marianne Juvik Sæbø,  
Arne Pareli og Bergen  
Gospelcompagni  
under leing av Terje  
Kleppe



# Program for bedehusa

## OSTERNES BEDEHUS

26.-28.10.	19.30	Møteveke Indremisjonen med Olav Eikemo
30.10.	11.00	Haustfest
03.11.	19.30	Møte Samemisjonen
23.-27.11.	19.30	Møteveke NLM med Øyvind Solheim
30.11.	20.00	Møte Muslimmisjonen
03.12.	16.00	Adventsmøte med mat og boksal

## ØVREBYGDA BEDEHUS

25.10.	18.00	«Gamlebasaren»
06.11.	17.00	Kveldsmat på bedehuset
13.11.	19.30	Søndagsmøte
19.11.		Julemesse Normisjon på skulen
20.11.	19.30	Søndagsmøte
27.11.		Adventsfrukost
04.12.	19.30.	Søndagsmøte
11.12.	19.30.	Søndagsmøte
28.12.	17.00.	Julefest

## FITJAR BEDEHUS

26.10.	19.30	Nattverdmøte
30.10.	11.00	Storsamling
01.-06.11.		Møteveke Indremisjonen v/Marie Lode
13.11.	19.30	Søndagsmøte - Israelsmisjonen
20.11.	17.00	Storsamling
23.11.	19.30	Nattverdmøte
26.11.	12.00	Julemesse Fitjar bedehus
01.-04.12.	19.30	Møteveke Kristen Muslimmisjon v/Eivind Flå
11.12.	11.00	Storsamling
18.12.	16.00	Me syng jula inn
28.12.	19.00	Julefest
30.12.	17.00	Julefest Søndagsskulen
31.12.	18.00	Nyttårsfest

Sjå òg [www.fitjar-bedehus.no](http://www.fitjar-bedehus.no)

# 50-års konfirmantar

17. og 18. september var det 50-årsjubileum for dei som vart konfirmert på Fitjar 18. september 1966. 36 personar frå kullet på 51 var samla til middag på

Fitjar Fjordhotell laurdagskvelden og gudsteneste på Fitjar bedehus om søndagen.



Foto: Torbjørn Hovland



**EL-PROFFEN**

www.los-elektro.no  
firmapost@los-elektro.no  
53 42 21 00



Tlf.: 53 45 89 70 - Fax.: 53 45 89 80  
Internett: www.mestervindu.no

**||| GSE SANDVIK AS**

55 60 18 20



**FITJAR  
SJØ OG CAMPING**

Din Catering leverandør

Telefon:  
41 42 80 38 (Randi)  
E-post:  
fitjarcamping@haugnett.no

VAREHUSET *Velkommen til ein triveleg handel på Fitjar*

**RYDLAND**  

lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.

53 49 73 07  
53 49 73 09 [www.rydland.as](http://www.rydland.as) [post@rydland.as](mailto:post@rydland.as)

**joker**  
- Rydland 53 49 74 40

**Duo**

No kan du bestille time på nett:  
[www.ledigtime.no](http://www.ledigtime.no)

OPNINGSTIDER:  
Man-tys-fre: ..... 9-16  
Ons-tor: ..... 9-18  
Laurdag: ..... 10-14  
Tlf. 53 49 79 72

**Hår** loftet

OPNINGSTIDER  
Mån,tirs, fre..... 9-16  
Ons,tors..... 9-18  
Laur (kun drop-in).. 10-13

Fiks frisyren hos oss!

Treff oss i 2. etg  
i Larsen bygget

For timebestilling ring:  
**53 49 78 90**

**AARBØ & KORSVIK  
FORSKALING**

TLF:  
916 46 123



**GRØNAVIKJO UTVIKLING AS**  
Vestbøstad - 5419 Fitjar  
90 12 02 81



Sjøtroll Havbruk AS  
Vestbøstad - 5419 Fitjar  
919 11 800

**Vesthaugane**

www.vesthaugane.no  
Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58



Mobilnr:  
975 02381



Mobilnr: 951 89950



**STEINGARD AS**  
Postboks 11, 5418 FITJAR  
Telefon 916 67961

**Fitjar-Posten**

E-POST: [tips@fitjarposten.no](mailto:tips@fitjarposten.no) - MOB: 481 51 491

[www.fitjarposten.no](http://www.fitjarposten.no)



Fitjar  
Bygdekvinne

**Susflidskron**

Tlf: 53 49 79 60



53 45 72 00  
\*  
53457220  
(fax)

**Fitjar Mekaniske Verksted AS**



Årskog, 5419 Fitjar 944 30 500 <http://www.fitjarbaat.no/>



Kalveid, 5419 Fitjar  
[www.kvernenesbaat.no](http://www.kvernenesbaat.no)  
Telefon: 918 18 157  
[baatbygg@online.no](mailto:baatbygg@online.no)



**Hatlevik Rør AS**

Tlf: 53 49 93 15



Sko – Gåver – Leiker

Kom: Norsk Tipping  
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61



**Videoen  
Kiosk**



**Engevik &  
Tislevoll a.s**  
Byggmester og Entreprenørfirma  
Tlf. 53457300. Fax. 53457310

Vågen's kro  
og catering

48 04 19 09



AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR  
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

**REMA 1000**

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



Tlf. 53 49 71 21

Godkjend bilverkstad EØS-kontrollar



**SparebankenVest**  
- satsar på Vestlandet

Avd. Fitjar – Tlf. 0555



Syng med oss !  
OSTERNES MANNSKOR



Opningsstider:  
Måndag - onsdag ..... 09.00 - 16.30  
Torsdag - fredag ..... 09.00 - 18.00  
Laurdag ..... 09.00 - 15.00

Midt i Larsenbygget, Fitjar sentrum  
Tlf. 53 49 95 00

**Blomster - Gaver - Gravminner**

## Døpte:

11. september:

Johannes Fylkesnes Nesbø

02. oktober:

Nikolai Tranøy

## Jordfeste:

Geir Magne Hjelmen

f: 04.02.1952 d:14.09.2016

Agnar Johan Stadheim

f: 27.12.1943 d: 18.09.2016

Knut Hareide, Molde

f: 17.02.1933 d: 28.09.2016

Ove Magne Solli

f: 09.10.1944 d: 30.09.2016

Jenny Tislevoll


f: 28.02.1924 d: 04.10.2016

## Jubileumsboka

**Bokslepp i kulturhuset**

**10. november kl 19.30**

Enkelt program og sal av bøker



## Gudstenesteliste

Søn. 30.10.	11:00	Bots og bønedeag, Øvrebygda bedehus, Hovedgudstjeneste ved sokneprest Olav J. Oma
Søn. 06.11.	11:00	Helgemesse, Fitjar bedehus, Hovedgudstjeneste ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen og sokneprest Olav J. Oma. Middag etter gudstenesta på bedehuset. Takkoffer til diakoninemnda.
Søn. 13.11.	11:00	Fitjar bedehus, Hovedgudstjeneste med barnegospel ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen. Takkoffer til Stefanusalliansen.
Søn. 20.11.	11:00	Kristi kongedag, Fitjar bedehus, Hovedgudstjeneste ved sokneprest Olav J. Oma. Takkoffer til Israelsmisjonen.
Søn. 27.11.	19:00	Fitjar kyrkje, Lysmesse med konfirmantane ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen og sokneprest Olav J. Oma. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Søn. 04.12.	11:00	Fitjar kyrkje, Hovedgudstjeneste, Lys vaken 6. klassingar har overnatta i kyrkja og deltek saman med kyrkjelydspedagog Silje Fyllingen og sokneprest Olav J. Oma. Takkoffer til Kirkens bymisjon.
Søn. 11.12.	11:00	Osternes, Hovedgudstjeneste ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen. Takkoffer til Osternes bedehus.
Søn. 11.12.	18:00	Fitjar kyrkje, Julekonsert, gåve til nytt kyrkjeorgel.
Søn. 18.12.	11:00	Fitjar kyrkje, Hovedgudstjeneste ved sokneprest Olav J. Oma. Takkoffer til Kirkens SOS.
Lau. 24.12.	14:30 og 16:00	Fitjar kyrkje, Familiegudstjeneste ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp
Søn. 25.12.	12:00	Fitjar kyrkje, Hovedgudstjeneste ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen og sokneprest Olav J. Oma, Osternes mannskor og kyrkjekoret deltek. Takkoffer til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i NMS.
Mån. 26.12.	11:00	Øvrebygda bedehus, Hovedgudstjeneste med nattverd ved sokneprest Olav J. Oma. Takkoffer til Øvrebygda bedehus.
Lau. 31.12.	23:00	Fitjar kyrkje, Hovedgudstjeneste ved sokneprest Olav J. Oma.